



## Sleipner Øst

<b>Blokk og utvinningsløyve</b>	Blokk 15/9 - utvinningsløyve 046, tildelt 1976	
<b>Funnår</b>	1981	
<b>Godkjent utbygt</b>	15.12.1986 i Stortinget	
<b>Produksjonsstart</b>	24.08.1993	
<b>Operatør</b>	Statoil ASA	
<b>Rettskavarar</b>	ExxonMobil Exploration & Production Norway AS	30,40 %
	Norsk Hydro Produksjon AS	10,00 %
	Statoil ASA	49,60 %
	Total E&P Norge AS	10,00 %
<b>Utvinnbare reservar</b>	<b>Opphavleg:</b>	<b>Att per 31.12.2006*</b>
	68,1 milliardar Sm <sup>3</sup> gass	50,1 milliardar Sm <sup>3</sup> gass
	13,1 millionar tonn NGL	3,9 millionar tonn NGL
	27,9 millionar Sm <sup>3</sup> kondensat	3,5 millionar Sm <sup>3</sup> kondensat
<b>Produksjon</b>	<b>Venta produksjon i 2007:</b>	
	Gass: 2,70 milliardar Sm <sup>3</sup> , NGL: 0,38 millionar tonn, Kondensat: 0,66 millionar Sm <sup>3</sup>	
<b>Investeringar</b>	Totale investeringar vil venteleg bli 39,6 milliardar 2007-kroner	
	Per 31.12.2006 er det investert totalt 36,1 milliardar 2007-kroner	
<b>Driftsorganisasjon</b>	Stavanger	
<b>Hovudforsyningsbase</b>	Dusavik	

\*Gassproduksjonen for Gungne, Sleipner Vest og Sleipner Øst blir målt samla. Attverande reservar viser Sleipner Vest og Sleipner Øst samla.

### Utbygging:

Sleipner Øst er eit gass- og kondensatfelt som ligg i den sørlege delen av Nordsjøen, på 82 meters havdjup. Feltet er bygt ut med ei integrert prosess-, bore- og bustadinnretning med understell av betong, Sleipner A. I tillegg er det installert ei stigerørrinnretning, Sleipner R, med brusaband til Sleipner A. Sleipner R knyter Sleipner A til rørleidningane for gass-transport, to botnrammer og faklingstårnet Sleipner F. Det er installert ei botnramme for produksjon frå den nordlege delen av Sleipner Øst og ei for produksjon av førekomsten Loke. I tillegg er tre brønnar frå Sigyn knytte til Sleipner A. PUD for Loke blei godkjent i 1991, og produksjonen tok til i 1993. Utbygging av Loke Trias blei godkjent 29.08.1995, og produksjonen tok til 19.06.1998.

### Reservoar:

Ressursane i Sleipner Øst og Loke finst hovudsakleg i sandstein i Tyformasjonen av tertiær alder og i sandstein i Huginformasjonen av mellomjura alder. Det er ingen trykkommunikasjon mellom dei to reservoarsonene. Huginformasjonen inneheld grunnmarine avsetjingar og kystnære, landavsette sediment. Tyreservoaret inneheld grunnmarine vifte-avsetjingar. Under Huginformasjonen ligg Skagerrakformasjonen av trias alder. Skagerrakformasjonen, som utgjer hovudreservoaret på Loke, er bygd opp av alluviale avsetjingar og har moderate til dårlege reservoareigenskapar.

### Utvinningsstrategi:

Huginreservoaret produserer ved trykkavlasting. Tyreservoaret produserte med resirkulering av tørrgass fram til oktober 2005. For å optimalisere produksjonen blir brønnane no produserte mot eit redusert innløpstrykk på separator B. Sleipner Øst gjekk av platå i desember 2005, men superlavtrykksproduksjon som blei starta opp i juni 2006 vil halde produksjonsnivået oppe lengre.

**Transport:**

Brønnstraumen frå Sleipner Øst blir prosessert på Sleipner A saman med produksjonen frå Gungne og Sigyn. Ustabilt kondensat blir blanda med ustabil kondensat frå Sleipner Vest og sendt til Kårstø for prosessering til stabilt kondensat og NGL-produkt. Prosessert gass blir blanda med gass frå Troll og eksportert til Zeebrugge via Draupner. Frå og med 2007 vil gass frå Ormen Lange bli eksportert i rørleidningen Langeled frå Nyhamna via Sleipner R til Storbritannia.

**Status:**

Ingen nye brønner blei bora på Sleipner Øst i 2006, men i 2007 er det planlagt nye boringar.